



Invitasjon



Velkommen til høgtidleg opning av
det nye lokale hjelpemiddellageret
i Eid kommune

*Vi inviterer alle interesserte til opning av det
nye lokale hjelpemiddellageret.*

Stad: Kjellaren på Eid sjukeheim

Tid: Tysdag 18. nov klokka 12-13.30

I Eid kommune, som alle andre kommuner, har vi mange hjelpemiddel. Nokre er kommunale, dei fleste kjem frå NAV Hjelpemiddelsentralen. I lang tid har vi hatt lager for hjelpemiddel plassert på fleire stadar i kommunen. I haust vart alle hjelpemiddel samla i kjellaren på Eid sjukeheim. Etter ein effektiv, solid og tverrfagleg «rydde- kaste- sortere- plassere- og flytte»- periode, fekk vi etter kvart system på rotet. Vi fekk ein ide om å bruke dette som ein god moglegheit til å arrangere eit lite kakekalas i haustmørket. Sjølv om idéen starta med skjemt og moro, ligg det likevel alvor bak. Hjelpemiddel er heilt nødvendig og ein fantastisk ressurs for svært mange. Vi vil difor nytte høvet til å informere om ordninga rundt hjelpemiddelformidling, og om det gode og viktige samarbeidet Eid kommune har med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Program for dagen

11.00- 12.00: Møte med hjelpemiddelsentralen om fornying av samarbeidsavtalen mellom Eid kommune og NAV hjelpemiddelsentralen

12.00- 12.45: Mini-seminar om hjelpemiddel. M.a. vil 2 brukarar snakke om kva hjelpemiddel betyr for dei ?(ope for alle interesserte)

12.45- 13.30: Høgtideleg opning av hjelpemiddellageret- kaffi og kaker (ope for alle interesserte)

Med venleg helsing

Siv Langøen Rotevatn, Hilde Isane Hjelle og Sølvi Nesbakk Ryland

Fysio- og ergoterapitenesta og Eid sjukeheim